

LUTELANDET ENERGIPARK AS  
Sørstrandsvegen 227  
6823 SANDANE

**Vår dato:** 07.01.2022

**Vår ref.:** 200703458-116

**Dykkar ref.:**

## **Lutelandet vindkraftverk - Vedtak om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 21.01.2022**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 23.12.2021 og tilleggsinformasjon av 05.01.2022 frå Lutelandet Energipark AS (LEAS) om utsett frist for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk frå 31.12.2021 til 21.01.2022. Lutelandet vindkraftverk er lokalisert i Fjaler kommune, Vestland fylke.

Endeleg konsesjon for Lutelandet vindkraftverk vart tildelt LEAS av Olje- og Energidepartementet den 24.10.2012. I konsesjonsvilkår nr. 1 er det satt ein frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2021. I konsesjonsvilkår nr 3 er det høve til å søka om forlenging av fristen, og søknaden skal sendast inn i god tid før utløpet av fristen.

LEAS søkte den 23.12.2021 om utsett frist for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk med tre veker, frå 31.12.2021 til 21.01.2022. LEAS grunngjev dette med at ein av vindturbinane manglar ein komponent som gjer at den ikkje kan settast i drift innan noverande frist. Dei skriv at alle turbinane er ferdig montert og at åtte av ni turbinar er sett i drift og leverer straum på nettet.

I eit brev med tilleggsinformasjon av 05.01.2022 gjer LEAS greie for at ein fiberkabel vart skadd under installasjon av den eine turbinen. Dei skriv at fiberkabelen er ein kritisk komponent og at turbinen ikkje kan settast i drift utan denne. Dei skriv vidare at turbinen er testa så langt som råd, og dei anslår at det står att ca. ein dags arbeid for å få turbinen i drift.

LEAS skriv også at oppstart av turbininstallasjonen vart forsinka om lag ein månad grunna utbrot av Covid-19 på eit av fartøya som frakta turbindelar til Noreg og forseinkingar i produksjon av turbinblad grunna Covid-19.

### **NVEs vurdering**



NVE viser til at fristen for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk er 31.12.2021. Me konstaterer at åtte av ni turbinar vart sett i drift innan frist for idriftsetting, og at ein turbin ikkje vart sett i drift innan fristen grunna ein skadd fiberkabel.

For å sikra ei forsvarleg handsaming av søknadar om fristforlenging, må NVE mellom anna ha tilstrekkeleg tid til å handsama søknaden. Dette er bakgrunnen for at søknad om fristforlenging må sendast inn «i god tid» før utløpet av fristen. Kor lang tid NVE treng på å handsama konkrete søknadar vil variera frå sak til sak. I denne saken var det ikkje mogeleg for konsesjonær å søkje om utsett frist på eit tidlegare tidspunkt. Det at fiberkabelen vart skadd under installasjonen av den eine turbinen var vanskeleg for konsesjonær å ta høgde for. I denne saken med avgrensa omfang har den korte tida heller ikkje vore til hinder for NVE å handsama søknaden på ei forsvarleg måte.

Ei utvida frist for idriftsetting vil innebære noko ekstra arbeid ved den aktuelle turbinen, men omfanget av det utsette arbeid er vurdert til å vera veldig lite. NVE legg også vekt på at den aktuelle turbinen vart mekanisk ferdigstilt innan 31.11.2021.

På bakgrunn av at vindkraftverket er ferdig bygga, og det som står at er bytte av ein intern komponent og kvalitetssikring av ein turbin, finn vi det rimeleg å innvilga ei forlenging av fristen for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk frå 31.12.2021 til 21.01.2022.

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom anlegget er ferdig bygga, forseinkinga skuldast forhold som er utanfor konsesjonærs kontroll og den omsøkte endringa ikkje inneber negative endringar for ytre miljø.

### **NVEs vedtak**

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4 andre ledd, gir NVE Luteland Energipark AS utsett frist for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk frå 31.12.2021 til 21.01.2022.

NVE har vurdert at ein utvida frist for idriftsetting på tre veker ikkje vil gi vesentlege verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som ble vurdert i bakgrunn for vedtak av 08.07.2011, jf. naturmangfoldloven (nmfl.) § 8. Det føretas derfor inga ny vurdering av nmfl. §§ 9 til 12 no.

### **Klagerett**

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

Vi ber LEAS om å underrette grunneigarar/rettshavarar om vedtaket. Underretninga skal etter forvaltningslova gi opplysningar bl.a. om klagerett, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument.



Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
fungerende seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakarliste:**

LUTELANDET ENERGIPARK AS

**Kopimottakarliste:**

FJALER KOMMUNE



## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn eit år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått seks månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan tre veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.